

Nytt restaureringsprosjekt i Nordheimsdalen

Aurland fjellstyre har over tid fiksa både kaiar, hytter og bruer i Nordheimsdalen Naturreservat. Seinhaustes i fjor vart nye stokkar lagt på plass mellom brukara på brua over heimste Tverrelvi.

- Prosjektet skal fullførast til våren. Ny farved til det om lag ni meter lange brustrekket er hoggen og står klar til montering når vinteren slepper taket, seier fjelloppsyn i Aurland fjellstyre, Håkon Øydvin.

Naturreservat

Nordheimsdalen er allmenning, og hogstretten i området vart administrert av eit eige allmenningstyre. Det var dette styret som organiserte bruken av Nordheimsdalen. Som allmenning hadde alle gardar i Aurland rett til hogst i dalføret med den flotte furuskogen, og mange hus i Aurland er reiste med tømmer herifrå. Nordheimsdalen vart verna og fekk status som naturreservat i 1999. Før den tid var det hogst og skogsdrift i dalføret. I samband med denne aktiviteten vart det bygt to hytter, ei nede ved sjøen og ei ein kilometer lenger oppe. Bruer og kaianlegg måtte også på plass for på sikre logistikken i området. Installasjonane vitnar om at det var stor aktivitet i området. Då vernet kom var det også slutt på hogsten, og over tid har trongen for vedlikehald og restaurering på dei gamle anlegga gradvis meldt seg.

Nytt tak

- Me byrja i 2004 med å restaurere den gamle stallen i Brendeli. I 2007 ordna fjellstyret kaien nede ved sjøen. Her stod også saga, men den finst det få spor etter no. Ved kaia står også ei lita allmenningshytte. Den vesle hytta med to køysenger har fått nytt tak og elles er det skifta ut nokre dårlegare stokkar i veggane. – Det står att noko arbeid innvendig, mellom anna montering av vedovn, seier Øydvin, som reknar med at hytta skal vere klar til bruk i juni komande sommar. Allmenningshytta vert sett i stand med støtte frå SNO og Kulturminnefondet.

Avtale

Bakgrunnen for at fjellstyret engasjerer seg i restaureringsarbeid botnar i ein avtale med allmenningstyret. – For eit par år sidan teikna me ein avtale om bruk av hytter, bruer og kai mot at det vart utført naudsynt vedlikehald. Over tid har me i godt samarbeid med andre følgt opp dette, seier Øydvin. Allmenningshytta skal vere tilgjengeleg for ålmenta når det innvendige arbeidet er utført. Ein kilometer lenger framme i dalen, 365 meter over havet, står hytta i Brendeli. Den er større, og har heile åtte sengeplassar. Også denne er pussa på i form av mellom anna skifting av noko kledning og tetting av glas. Frå sjøen til Brendeli tek det om lag ein times tid å gå. Skal du til toppen av Nordheimsdalen, til Storebotn, må du rekne ytterlegare 2-3 timar til fots. Der er det også god hytte som kan nyttast på same måte som øvrige fjellstyrehytter i statsallmenningen.

Dugnad

Det siste restaureringsprosjektet som vart starta i Nordheimsdalen var reparasjon av brua over heimste Tverrelvi. Brua var totalt nedramla, og det var trong for både nye berande stokkar og ny farved. Restaureringsprosessen starta i fjor vår, då seks furutre vart ringbarka ståande. – Ringbarking vert gjort for å få hardare kjerneved, seier Håkon Øydvin, som saman med Kristoffer Ullern Hansen og Olav Hagen frå allmenningstyret skar dei seks utplukka trea på seinhausten i fjor. Gjennom Dee Cunningham, aktiv brukar av Nordheimsdalen, vart også elevar frå friluftslinja ved Folkehøgskulen i Sogndal invitert med på dugnad for å buksere dei nye berande stokkane på plass mellom brufundamenta. - Det gjekk fint, det var ein ivrig og arbeidslysten gjeng som var med. friluftslinja ved folkehøgskulen brukar å nytte Nordheimsdalen til eit par årlege utflukter, og difor har dei også interesse av å vere med på slike tiltak, seier Øydvin, som planlegg montering av den tilkappa farveden litt ut på vårparten. Brua over heimste tverrelva er den andre i rekkja av

bruer som vert restaurert i dalen. – Me har planar for å ordne på ei tredje også, men dette er ei mindre bru ned ved sjøen som skal gjere ferdsla mellom kaien og allmenningshytta enklare. Det har stått ei bru her før, men flaum har teke den med seg, seier oppsynsmannen, som fortel at det må søkjast Fylkesmannen om løyve til restaureringsprosjekta. – Det er i utgangspunktet forbod mot hogst, men me har fått lov til å felle noko skog til restaureringsbruk. Dette er kanskje også eit dilemma for Fylkesmannen, fordi det i eit naturreservat i utgangspunktet ikkje skal leggjast til rette for ferdsle. Me er såleis godt nøgde med at våre søknader har møtt velvilje.

Planlegg tur

Mange i Aurland er ukjende med Nordheimsdalen. Dette heng saman med det at det er heller vanskeleg å kome til. Så framt ein ikkje går heile vegen over fjellet, må båt nyttast. – Fjellstyret og SNO planlegg i fellesskap ein tur til Nordheimsdalen til våren att. Me vil setje opp båt, slik at den som vil kan slå følgje eit tur til dette flotte naturområdet, seier Håkon Øydvin.

Bilete:

BRUBYGGING: Med god hjelp av elevar frå Sogndal folkehøgskule vart nye brustokkar dregne på plass i november i fjor haust. Til våren skal farveden på.

ROMLEG: Hovudhytta i Nordheimsdalen, hytta i Brendeli, er i god stand og har åtte sengeplassar. Hytta ligg om lag ein times gonge frå sjøen.

NYTT: Hytta ved Sagi har fått nytt tak. Det står att litt arbeid innvendig før hytta er klar til bruk. Alle foto: Håkon Øydvin.

Artikkelen er henta frå «Aurlendingen» nr. 1/ 2012.



